



SAKSHANDSAMAR
Ingunn Holm

VÅR REF.
09/01261-7

DYKKAR REF.

ARK. V - Vassdrag
307 (Breim) Gloppen - SF

INNVALSTELEFON

+47 98202805

DYKKAR DATO

VÅR DATO
23.09.2011

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Breim Kraft AS - 24 MW - Breim kraftverk - Storelva i Gloppen kommune - høring av konsesjonssøknad

Riksantikvaren viser til brevet dykkar av 11.4.2011 der de ber om merknader til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk.

Tiltaket

Breim Kraft AS har lagt fram ein søknad om konsesjon for bygging og drift av eit vasskraftverk i Storelva i Gloppen Kommune. Det vert primært søkt om konsesjon for ei utbygging i samsvar med alternativ A1 (kraftstasjon i fjell i Seimestranda). Ein annan variant av hovudalternativet, A2 med kraftstasjon i dagen i same område, vert søkt om som eit sekundært alternativ. Begge desse alternativa vil utnytte eit fall på ca. 64 meter og gi ein årleg produksjon på ca. 98 GWh.

Konsekvensar for kulturminne, kulturmiljø og landskap

Det er definert to kulturmiljø innanfor plan- og influensområdet til tiltaket. Kulturmiljø 1 famnar om fleire gardar i bygda Breim og bygdesenteret Reed. Gardstuna er plassert på rekkje og rad langs Storelva. Det ligg gravhaugar spreidd i kulturlandskapet som er synlege vitnesbyrd om gardsbusetnaden tilbake til eldre jernalder. På alle gardstuna står bygningar frå 18/1900-talet, og enkelte gardar har bygningar som er frå 16/1700-talet. Reed har vore eit bygdesentrum i fleire hundre år. Det er her kyrkja i bygda er lokalisert. Den er listeført på Riksantikvarens liste over verneverdige kyrkjer. Reed var også kyrkjestad i middelalderen og den første kyrkja ein kjenner til vart oppført på 1200-talet. Reed var også eit viktig sentrum på 17- og 1800-talet, med gjestgjevarstad, postopneri og landhandel. Naustmiljøa ved Breimsvatn har også store kulturhistoriske kvalitetar. Det gamle naustmiljøet på Reed er frå 1870-åra og mange av bygningane er tekne vare på. På Seime er det også eit flott kulturlandskap med naust og ei løe. Eit av nausta er frå 1700-talet. Kulturmiljø 1 er stort og famnar om eit stort område. Den overordna verdivurderinga vert i kulturminnerapporten sett til middels til stor verdi for det samla kulturmiljøet. Dei automatisk freda kulturminna innanfor kulturmiljøet er av nasjonal interesse og er skilt ut med høg verdi.

Kulturmiljø 2 famnar om kulturlandskapet i Seimestranda, samt Rådstølen og Seimestølen. Kulturlandskapet i Seimestranda er eit synleg vitnesbyrd om korleis ein tidlegare utnytta alle tenkjelege ressursar for å samle nok for til dyra, slik at dei klarde seg gjennom vinteren. I det bratte og ulendte området i Seimestranda kan det enno sjåast slåtteteigar på berghyller og på kantane av juv. Stølsdrifta var viktig for gardsdrifta fram til byrjinga av 1900-talet. Området er i dag sterkt prega av attgroing. Den samla verdivurderinga av kulturmiljøet er liten til middels verdi.

I følge kulturminnerapporten vil tiltaket i alternativ A i liten grad ha innverknad på kulturmiljøet som heilskap sjølv om inntaket ligg innanfor det definerte kulturmiljøet. Kulturminnerapporten meiner også at lokaliseringa er uproblematisk med tanke på dei områda som har dei største kulturhistoriske verdiane. Det vert også hevda i denne rapporten at redusert vassføring vil ha generell visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø, og dermed skippe opplevinga av kulturlandskapet på staden noko. Konklusjonen frå konsulenten er at tiltaket vil ha intet til lite negativt omfang både i anleggs- og driftsperioden, og heller ikkje innverknad på kulturmiljøet ved Seimestranda.

Riksantikvaren vil understreke at redusert vassføring kan ha verknad på kulturmiljøet i Breimsdalen. Det er særleg viktig å ta omsyn til dei automatisk freda kulturminna. Sjølv om vegetasjon i dag utgjer ei barriere mellom kulturminna og elva, kan eit slikt vegetasjonsbelte skifte over tid, og i periodar gjere kulturminna meir eksponert for ei elv med sterkt redusert vassføring. Det er fylkeskommunen som avgjer om ei redusert vassføring i elva vil kunne vera utilbørleg skjemmande for dei automatisk freda kulturminna, og slik krev dispensasjon frå vedtektene i kulturminnelova.

Tiltaket sitt influensområde når det gjeld landskapet i Breimsdalen strekkjer seg frå munningen i Breimsvatnet i vest til Byrkjelo med Vora som markant bakvegg i aust. Breimsdalen er brei og open og profilet gjennom dalen er einsarta med elva i botn, jordbruksareal på elveslettene og i dalsidene og med skog i øvre parti. Elva er stort sett innramma av vegetasjon og er lite eksponert, med unntak av ved utløpet, som er synlig frå aust. Randvegetasjon mellom eigedommar og mellom innmark og utmark er med på å setje sitt preg på dalen. Spreidd gardsbusetnad utgjer hovudtyngda av busettinga. Landskapet står fram som eit harmonisk og heilskapleg jordbrukslandskap, ramma inn av frodige, skogkledde lier, glattskurte fjellvegger og snødekte tinder som gjev eit storslagent inntrykk. Godt samspel mellom landskap og busetting gjev området gode visuelle kvaliteter. I landskapsrapporten blir Breimsdalen vurdert til å ha middels til stor verdi.

Influensområdet Breimsvatnet femner om fjordsjøen Breimsvatnet, som dannar golv i det langstrakte landskapsrommet, og strekkjer seg frå munningen av Breimsdalen og sørover. Storslagne fjordlandskap med kulturpåverknad, er typisk for regionen, samstundes som dei er av internasjonal stor verdi. Samspelet mellom fjordlandskap og kulturpåverka dalmunningar, med variasjon frå høge tinder til vide fjordar, og særprega jordbrukslandskap, men elles med relativt urørt preg, gjev kvaliteter som er typisk, på grensa til det sjeldne for regionen. Delområdet Breimsvatnet vert i landskapsrapporten vurdert å ha middels til stor verdi.

Konsekvensen ved utbygging vert i landskapsrapporten sett til liten negativ, mens kraftstasjon i dagen med luftspenn vert sett til liten til middels negativ konsekvens.

I konsesjonssøknaden vert det sagt at planområdet er vurdert til å ha eit lite potensial for funn av ukjende, automatisk freda kulturminne og at det difor er lite truleg at tiltaket vil løysa ut eit krav om arkeologiske undersøkingar i følge kulturminnelova § 9. Riksantikvaren vil understreke at det er fylkeskommunen som er delegert ansvaret med å vurdere om eit tiltak vil utløyse denne undersøkingsplikta, og korleis denne undersøkingsplikta skal gjennomførast. Tiltakshavar må difor ha ein god dialog med fylkeskommunen om dette.

På bakgrunn av utgreiingane vil Riksantikvaren ikkje gå mot bygging av Breim kraftverk. Vi gjer likevel merksam på at dette ikkje tyder at Riksantikvaren har gitt løyve til bygginga i

medhald av kulturminnelova § 8 om dispensasjon frå automatisk freding ved eventuell konflikt mellom kulturminne og dei einskilde tiltaka.

Brevet er elektronisk godkjent utan underskrift

Venleg helsing

Margrethe Tviberg (e.f.)
seksjonssjef

Ingunn Holm
rådgjevar

Kopi til: Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kulturavdelinga, Postboks 173, 6801 Førde